



# Årsrapport for 2018 frå SNO til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



**SNO lokalt: Anne Rudsengen.**

**I tillegg har også Rune Holen (SNO-Sandane) brukt ein del tid i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2018 og det har også vore bistand frå kollegaene Liv Byrkjeland og Rein-Arne Golf.**

Framsidedfoto: Frå synfaring på Kattanakken. Tre frå nasjonalparkstyret og to forvaltarar nyt synet av breen

# Innhold

Innleiing .....	3
1. Kjerneoppgåver: kontroll, tilsyn, informasjon mm. ....	4
1.1 Kontroll og tilsyn .....	4
1.1.1 Kort om aktiviteten og resultatata .....	4
1.1.2 Tilrådde oppfølgingspunkt .....	6
1.2 Formidling og informasjon .....	6
1.2.1 Kort om aktiviteten .....	6
1.2.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging .....	7
1.3 Registering og overvaking .....	7
1.3.1 Kort om aktiviteten .....	7
1.3.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging .....	8
1.4 Grenseskilting .....	8
1.4.1 Aktiviteten og resultatata .....	8
1.4.2 Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt .....	10
1.5 Informasjonsskilting .....	11
1.5.1 Aktivitet og utfordringar .....	11
1.5.2 Tilrådde oppfølgingspunkt .....	13
2. Bestillingsoppgåver - omtale av oppdrag og tiltak .....	13
2.1.1 Føringer frå KLD eller Miljødirektoratet .....	13
2.2 Ferdsesteljing .....	14
2.2.2 Aktiviteten og resultatata .....	14
2.2.1 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging .....	17
2.3 Stiar, slitasje og vedlikehald .....	18
2.3.1 Aktivitet og utfordringar .....	18
2.3.2 Tilrådde oppfølgingspunkt .....	20
2.4 Utbetring av buferdsveg i Sunndalen .....	20
2.4.1 Aktivitet og utfordringar .....	20
2.4.2 Tilrådd oppfølging .....	21
2.5 Andre tiltak .....	21
2.5.1 Aktivitet og utfordringar .....	21
2.5.2 Tilrådd oppfølging .....	21
3. Vedlegg .....	22

## Innleiing

Dette er åttande årsrapporten frå SNO til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2018 for nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og tilrådingar vidare.

Sommaren kom brått, kraftig og tidleg i år og var varm med rask smelting av mykje og vidare mykje bresmelting. Dette viste att mange stader i nasjonalparken med store elvar og større og mindre erosjonsskader på stiar. Ein regnfull og til dels mild haust førte til enno meir vatn i vassdraga i tillegg til jordras og steinsprang. Spesielt søndag 14. oktober var ein dag med mykje "aktivitet" i nasjonalparken. Ein fullstendig oversikt over skader på stiar og bruer vil ikkje vere klart før til sommaren.

Det gode vêret i sommar førte truleg til enno meir besøk i nasjonalparken enn tidlegare. Spesielt opplevde SNO å møte på fleire nordmenn som ferierte i eige land. Til saman har det vore ferdselsteljarar seks stader i nasjonalparken. Informasjon om resultatata ligg under kapitlet "Ferdselsteljing" og med vedlegg bak i rapport.


SNO-lokalt samarbeider tett med nasjonalparkforvaltninga og freistar å delta på alle styremøte til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i tillegg til andre fellesmøte og synfaringar. Resultat frå feltarbeid blir lagt i databasane verneområdeloggen (feltdagboka), artsobservasjonar og rovviltbasen.

Denne årsrapporten gir også eit litt større bilde av arbeidet til lokalt SNO utover arbeidet i og med Jostedalsbreen nasjonalpark.

# 1. Kjerneoppgåver: kontroll, tilsyn, informasjon mm.

I følge førte timar har SNO tilsette lokalt utført til saman 15 vekeverk i felt i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2018 (fram til medio oktober). Dette gjeld alt arbeid på både ordinært oppsyn/tilsyn, registreringsarbeid og diverse tiltak. SNO (Rune Holen) har i 2018 brukt ein del tid på arbeidet med buferdsvegen i Sunndalen.

Fordeling på ulike arbeidsoppgåver i felt frå SNO-Luster (Anne) for 2018:



## 1.1 Kontroll og tilsyn

### 1.1.1 Kort om aktiviteten og resultat

Både SNO og nasjonalparkstyre kan på fritt grunnlag melde brot på verneforskrifta. SNO har i 2018 levert ei melding på brot på lågflygingsparagrafen i verneforskrifta. For å hindre unødig støy for både dyrliv og turfolk, så er lågtflygingsgrensa over nasjonalparken 300 høgdemeter. SNO fekk i juni film og bilde frå ein turgåar på stien opp til Flatbrehytta i Fjærland. Det viste tydeleg at flyet var langt under lågtflygingsgrensa. Saka, med film og vitneinformasjon, er sendt politiet og det har førebels ikkje kome noko tilbakemelding.






Lågtflyging i nasjonalparken ved Flatbrehytta vart anmeldt

SNO har møtt på ein handfull tal personar som har flogge med drone i nærleiken av nasjonalparken. SNO har teke kontakt og fortalt kvar grensa til nasjonalparken er og fått forståing for det.

SNO freistar å følgje opp løyver som nasjonalparkstyre gir. Både i fjor og i år har det vore fleire løyver knytt til vedlikehald og reparasjon av stølsbygningar og andre hus i nasjonalparken. SNO har rapportert fortløpande til forvaltninga undervegs i arbeidet. Mange, dei fleste, bygningar i nasjonalparken er målt opp og lagt inn i verneområdeloggen i lag med bilde. Dei fleste løyvene som gjeld vedlikehald av stølsbygningar har enno ikkje gått ut, så det er ikkje gjennomført sluttsynfaring.

Gjennom sommarsesongen, og med tilbakemelding frå andre, har SNO registrert søppel fleire stader i og ved nasjonalparken. Noko av dette er gamle bruer som ligg att i terrenget. SNO fjerner søppel, opp til ein viss storleik, i samband med anna oppsyn. På stadene med mykje besøk er det registrert noko toalett-papir og anna søppel inne i busker og kratt. Dette gjeld m.a. ved Briksdalsbreen, Supphellebreen og Bøyabreen. Elles i nasjonalparken kjenner SNO til at det ligg søppel/gamle bruer og liknande på følgjande stader: Ved Tverrdalskyrkja (morena ved vatnet - brurester og blå tønne), Lundeskaret (heilt oppe - brurester), Langedalen (ved oppstigning til Midtnovi-brurester), Brenndalen (der brua stod-kjetting/vinsj), Austerdalsbreen (inne ved bre-innsteget- blå tønne med søppel + målestang) og Lonene (midt på flatene-brurester).



Tønne med søppel inne ved Austerdalsbreen



Restar av bru ved Lonene i Jølster

SNO fekk i haust ei bekymringsmelding der det vart observert at teltpolk frå ein større teltleir "gjekk bak kvar sin stein" for å gjere sitt morgontoalett. Dette var i Haugadalen. Det er nokre stader i og ved nasjonalparken som er meir attraktive for større teltleirar, gjerne organisert gjennom skular. Vinterstid er Ståleskaret nedunder Lodalskåpa ein stad med mange teltovernattingar.

Dei besøkande si trong for å bygge vardar finst mange stader i og ved nasjonalparken. SNO riv vardar og får gjerne med fleire turistar på dette tiltaket. Når det blir forklar at vi ynskjer å ha ein så urørt natur som mogleg, at det er ein nasjonalpark og at vardar er til for å merke ein sti, - så forstår turistane kvifor vardane ikkje skal byggast overalt. Dei områda det er mest villvarding er ved Briksdalsbreen og ved Kjenndalsbreen.

### 1.1.2 Tilråde oppfølgingspunkt

- Halde fram med informasjon om dronetrying og lågflyingsreglar
- Informere om kvifor ein ikkje skal bygge vardar
- Halde fram med registrering av instalasjonar i nasjonalparken
- Halde fram med oppfølging av løyver som vert gitt
- Frakte ut søppel frå nasjonalparken - bistand med helikopter
- Fjerne mindre søppel i buskane ved Briksdalsbreen, Supphelelbreen og Bøyabreen
- Sjekke dei stadene det er vanleg å sette opp større teltleirar. Formidle informasjon til folkehøgskular og Høgskular
- Sjekke Ståleskaret for toalett-restar utpå hausten

## 1.2 Formidling og informasjon

### 1.2.1 Kort om aktiviteten

Formidling om vern, naturforhold og liknande er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum gjerne tek kontakt. Statetikken i Feltdagboka frå SNO-Anne viser at i alt 379 personar har blitt "informert", snakka med om nasjonalparken og liknande, gjennom tilfeldig møte ute på oppsynsturar. Gjennom sommarsesongen tek lokal SNO ofte kontakt med reiselivsaktørar, bønder, grunneigarar og andre som bruker nasjonalparken eller som tilrår bruk av nasjonalparken. Dei tre besøkssentra er naturlege stader å stikke innom for informasjonsflyt. Slik får ein kjennskap til ønsker, utfordringar og eventuelle konflikhtar.

SNO gir tilbakemelding og bidreg i arbeidet med korleis besøksforvaltninga best mogleg kan tilpassast i Jostedalsbreen nasjonalpark. Med nokre store nasjonale turistmål i nasjonalparken er det lett å sjå at utfordringa er annleis enn i dei fleste andre verneområde.

## 1.2.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

Det ligg store uløyste og spennande informasjonsoppgåver for å fremje natur- og kulturkvalitetane i nasjonalparken. Både gjennom diverse samarbeid med reiseliv, på ulike nettsider og i sosiale media, samt fysisk informasjon i felt og aller helst også personar som kan formidle i høgsesong. SNO vil halde fram så langt det er mogleg innan gitte rammer å vere mange stader og synleg til stades i nasjonalparken gjennom sommarsesongen.



Ein vanleg dag sommarstid på veg inn mot Briksdalsbreen. Mange folk å kunne gje informasjon om nasjonalparken til!

## 1.3 Registering og overvaking

### 1.3.1 Kort om aktiviteten

Det er inga spesielle program for naturfaglege registreringar eller overvaking i nasjonalparken som SNO er involvert i. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) utførar frontposisjonsmålingar ved i alt 11 brear i nasjonalparken, inkludert Nigardsbreen. I tillegg blir det utført massbalansmålingar på Ausdalsbreen og Nigardsbreen. Alle brearmane hadde også i 2018 ein tilbakegang.

SNO utførar registrering og overvaking av utvalde plante- og dyreartar ulike stader i landet. Bestandskartlegging av jerv og ekstensiv overvaking av kongeørn er to regimer som gjeld for store delar av landet, også innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Elles freistar SNO å følgje med og legge inn spesielt raudliste-artar i artsobservasjon.no om ein kjem over dei. Det same gjeld framande artar. Sommaren 2018 vart den unøskte planta parksliekeke dokumentert både i Oldedalen og Lodalen, men eit godt stykke utanfor nasjonalparken.

Oppmåling, fotografering og stadfesting av alle bygningar og tekniske installasjonar i nasjonalparken blir lagra i verneområdeloggen.



### 1.3.2 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

- Det er fleire større og mindre spor etter stølsdrift og utmarksslåtter i nasjonalparken. Nokre av kulturspora er sopass svake at dei er vanskeleg å oppdaga. For å sikre kunnskap om den tidlegare bruken i nasjonalparken, bør ein vurdere å kartlegge slike område. Namn, både gjennom skrivne og munnlege kjelder, kan vere til god hjelp for å finne områda.
- Registreringa av faste installasjonar må halde fram.
- Det hadde vore spesielt interessant å få sett av ressursar til leit/overvaking av raudlistearten mnemosynesommarfugl: vestlandets kvite juvel!
- SNO vil halde fram å utføre registreringar og overvaking av spesielle artar eller biotopar, etter nasjonale og regionale bestillingar så langt det er kapasitet til det.

## 1.4 Grenseskilting

### 1.4.1 Aktiviteten og resultatata

Det er i alt 39 grenseskilt rundt nasjonalparken. Desse står i hovudsak der ein sti kryssar grensa. Etter utvidinga av vernet i 1999 var det 31 skilt, men det har kome til fleire etter kvart med fleire stiar.



Døme på nytt grenseskilt i Brenndalen



Køyring forbode-skilt ved Bødalseter



Drone forbode-skilt inn mot Briksdalsbreen



Hald hunden i band-skilt ved Bergset

I 2018 vart det skifta til nye grenseskilt fleire stader og her er ei liste over kvar det er grenseskilt, status (gml = gammal skiltedesign) og kvar det vart skifta i 2018. Dette er arbeid som SNO gjer i samband med anna oppsynsarbeid.

Plassering	Grenseskilt	Status
<b>Luster kommune</b>		
<b>Jostedalen</b>		
<b>Fåbergstølsgrandane</b>	x	gml, på trepåle
<b>Fåbergstølsbreen</b>	x	gml
<b>Tuftebreen og Steinmannen</b>	x	skifta i 2018
<b>Bergsetbreen</b>	x	skifta i 2018
<b>Røykjedalen</b>	x	gml, uavklar tilstand
<b>Tunsbergdalsbreen</b>	x	skifta i 2018
<b>Veitastrand</b>		
<b>Austerdalen</b>	x	gml
<b>Langedalen nord</b>	x	stang tatt av snøskred
<b>Langedalen sør</b>	x	gml, uavklar tilstand
<b>Snauedalen</b>	x	gml, slitt profilstang
<b>Sogndal kommune</b>		
<b>Sogndalsdalen</b>		
<b>(Anestølen) Tverrdalen</b>	x	manglar
<b>Fjærland</b>		
<b>Supphelledalen</b>	x	uavklart
<b>Flatbrehytta</b>	x	gml, god kvalitet
<b>Bøyabreen</b>	x	skifta i 2018
<b>Kvitevardane</b>	x	gml, 2011 på profilstang
<b>Førde kommune</b>		
<b>Haukedalen</b>		
<b>Tredjevatnet</b>	x	uavklart
<b>Jølster kommune</b>		
<b>Myklebust/Lunde</b>		
<b>Fagredalen, Grovabreen</b>	x	ligg lagra, ny sti, uavklar status
<b>Syngnesandsdalen</b>	x	gml, uavklar status
<b>Lundeskarret, Marabreen</b>	x	gml, 2011 på profilstang
<b>Lundeskarret, Kinnaklypa</b>	x	gml, 2011 på trepåle
<b>Stardalen</b>		
<b>Befringsdalen, Kvannbakkbu</b>	x	skifta i 2018
<b>Befringsdalen, Blåvatnet</b>	x	skifta i 2018
<b>Langedalen</b>	x	gml, på trepåle

<b>Tverrdalen, Gallen</b>	<b>x</b>	gml, 2012 profilstang
<b>Haugadalen, Haugabreen</b>	<b>x</b>	skifta i 2017
<b>Gloppen kommune</b>		
<b>Stryn kommune</b>		
<b>Oldedalen</b>		
<b>Oldeskaret</b>	<b>x</b>	skifta i 2018
<b>Kattanakken</b>	<b>x</b>	gml, god kvalitet
<b>Briksdalsbreen</b>	<b>x</b>	skifta i 2018
<b>Brenndalsbreen</b>	<b>x</b>	skifta i 2018
<b>Flatsteinsbu</b>	<b>x</b>	gml, uavklar status
<b>Lodalen</b>		
<b>Nesdal, Rutleflotdalen</b>	<b>x</b>	gml, uavklar status
<b>Kjenndalsbreen</b>	<b>x</b>	gml, god kvalitet
<b>Bødalsbreen, Lodalskåpa</b>	<b>x</b>	skifta i 2018
<b>Skålatårnet</b>	<b>x</b>	gml, slitt
<b>Oppstryn</b>		
<b>Fosdalen</b>	<b>x</b>	gml, 2011 slitt
<b>Erdalen, Vetledalen</b>	<b>x</b>	skifta i 2018
<b>Sunndalen, buforsveg</b>	<b>x</b>	skifta i 2018
<b>Sunndalen, stien</b>	<b>x</b>	skifta i 2018
<b>Fylkesgrensa: (Raudalen) Merradalsbotn</b>	<b>x</b>	gml, slitt og grense mot Breheimen

Det er også sett opp underskilt nokre stader. Dei finst pr. i dag i tre kategoriar:

- Drone forbode-skilt
- Bandtvang-skilt
- Køyning forbode-skilt

Førebels er det sett opp drone forbode-skilt ved Briksdalsbreen, Oldeskar-stien og Bøyabreen. I Briksdalsbreen har skiltet vorte fjerna/tatt ned. Bandtvang-skilt står på Haugastøylen og ved Bergset og det står køyning forbode-skilt ved Bødalseter.

#### 1.4.2 Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt

- Halde fram med å skifte grenseskilt
- Få signal om kvar og kva type underskilt som skal opp ulike stader

## 1.5 Informasjonsskilting

### 1.5.1 Aktivitet og utfordringar

#### NASJONALPARKINFORMASJON

Det er tydeleg at mange som besøker Jostedalsbreen nasjonalpark ikkje veit at dei er i ein nasjonalpark. Det er med andre ord eit stort behov for å kunne få opp meir informasjon. Observasjonar viser at ein god del turistar les den nasjonalparkinformasjonen som er sett opp viss den står på ein naturleg rett plass for dei besøkande. Nokre stader er det truleg vanskeleg å finne dei beste stadene for informasjon og tilpasse storleiken. Erfaring frå t.d. vegen opp til Briksdalsbreen syner at når det er mange besøkande så er det trong for enkel informasjon i storformat. Her valde ein i år å sette opp enno større og enklare informasjon for å skilje gåande turistar frå dei som tok Trollbilane. Når merkevare-arbeidet rullast ut, så er det viktig å kunne lære av reiselivet på nokre punkt som gjeld informasjon.



Nasjonalparkinformasjonen ved Bøyabreen ligg godt synleg til ved Brævasshytta



Nasjonalparkinformasjonen; blått informasjonsskilt ved Tungestølen



Det eine blå designskiltet ved Lustraporten på Hafslø måtte fjernast i år på grunn av snøskader gjennom vinteren



Etter fjerning av eitt av skilta og før utplanting av krydderurter som kjøkkenet på Lustraporten kunne nytte seg av

Det er i for tida tre "årgangar" av informasjonsskilt/informasjonstavler om nasjonalparken. Tabellen under viser kvar dei "nyare" informasjonsskilta er plasserte.



	<b>NP-informasjonstavle</b>
<b>Luster kommune</b>	To designskilt på rasteplassen ved Lustraporten, Hafslø
<b>Breheimsenteret</b>	Berre "fakkel"-delen av desingskilt står att
<b>Bergsetbreen</b>	Berre "fakkel"-delen av desingskilt står att
<b>Veitastromd</b>	Berre "fakkel"-delen av desingskilt står att. Ved Vårstølen
<b>Austerdalen</b>	Blått skilt festa på dobygget v. Tungestølen
<b>Norsk Bremuseum</b>	To blå designskilt ved buss-stoppen ved Bremuseet
<b>Supphelledalen</b>	Blått skilt på enkelt stativ på parkeringsplassen.
<b>Bøyabreen</b>	To blå designskilt ved Brevasshytta
<b>Skei</b>	Tre blå designskilt på Skei
<b>Stryn kommune</b>	Tre blå designskilt i sentrum
<b>Olden</b>	Tre blå designskilt i Olden sentrum
<b>Oldeskaret</b>	To designskilt, prototype, ved Melkevoll Bretun
<b>Briksdalsbreen</b>	To designskilt ved Trollbil-påstigninga
<b>Brenndalsbreen</b>	Blått informasjonsskilt festa på driftsbygning på Aabrekk gard
<b>Loen</b>	Tre blå designskilt i Loen, ved Loen Activ
<b>Jostedalsbreen nasjonalparksenter</b>	To blå designskilt ved senteret
<b>Erdalen, Vetledalen</b>	Blått informasjonsskilt like etter øvste parkeringsplass i Erdalen. Sauebøndene har sett opp ekstra informasjon attmed
<b>Sunndalen</b>	Blått informasjonsskilt på parkeringsplass i Sunndalen

#### FAREINFORMASJON

Gjennom mange år har det offentlege ved tidl. Miljødirektoratet, seinare Fylkesmannen og så SNO vore ein sentral aktør i arbeidet med å informere om farane ved breen. Det har vore, og er, samarbeid med forvaltningsmynde, politi og reiselivsaktørar nokre stader. Per i dag står det informasjon om farane ved breen på åtte stader i nasjonalparken i tillegg til den omfattande informasjonen som er ved Nigardsbreen (naturreservat og anna forvaltningsmynde). I år vart brefareinformasjonen fjerna ved Brenndalsbreen. Fronten har trekt seg mykje tilbake og det er ikkje bru over elva, så det er vanskeleg å kome fram. Tuftebreen, som ligg opp frå Bergset i Jostedalen, har fått stadig meir besøk etter at turen vart skilta. Det tek om lag 1,5 time å gå opp til breen frå parkeringsplass. Breporten i brefronten var utpå sommaren og stor og det rasa frå den, samstundes som det var lett å kome seg inn på breen frå sida.

Ved Briksdalsbreen vart konsertgjerdja også i vinter tekne av fonnvind og snø. I samarbeid med Oldedalen skyslag rydda SNO området i vår og køyrde ut eit stor



hengarlass med øydelagde gjerde og anna søppel. Dei attverande fem konsertgjerdeledda vart sett opp og sperringa vart forlenga med einskildståande skilt med gul- og svart tau mellom. Dette har stått heile sesongen og det står framleis. Det er turistar ved Briksdalsbreen gjennom heile året, så det er ikkje naturleg å fjerne informasjon om farane på vinteren. Briksdalsbreen har no trekt seg sopass langt tilbake at farane for å bli utsett for isras er små.



Fronten på Tuftebreen i august 2018. Bør det stå brefareinformasjon her?

### 1.5.2 Tilrådde oppfølgingspunkt

- Fjerne nasjonalpark-skilt på dei tre stadene dei ikkje er fullstendige: Breheimsenteret, Bergset og Veitastrond
- Sette opp brefare-informasjon ved Tuftebreen
- Sette opp einskildståande brefareskilt ved Briksdalsbreen med tau eller kjetting mellom. Trong for fleire skilt og stenger

## 2. Bestillingsoppgåver – omtale av oppdrag og tiltak

### 2.1.1 Føringer frå KLD eller Miljødirektoratet

- *Tiltak knyttet til besøksforvaltning og merkevarestrategi samt pågående skjøtselstiltak forankret i plan skal prioriteres. Graden av andre oppdrag vi (SNO) kan påta oss må vurderes i det enkelte område ut fra kapasitet og andre prioriterte oppgaver*
- *Arbeidet med bevaringsmål skal videreføres*
- *Bestillinger på marint søppel i verneområder skal prioriteres. Registrering og transport. Nye prosjekter skal så langt som mulig koordineres med prosjektet "Før fuglene kommer"*

- *Kjerneoppgaver knyttet til kontroll- og tilsyn skal prioriteres foran bestillinger om tiltak fra np-styrer, FM og kommuner dersom det oppstår kapasitetsutfordringer og det må foretas valg mellom oppgaver*

## 2.2 Ferdselsteljing

### 2.2.2 Aktiviteten og resultatene

I 2018 har det i alt vore seks ferdselsteljarar i nasjonalparken i tillegg til ein teljar i Raudalen i Breheimen, i retning Kamperhamrane og Sunndalen. Ein av dei seks teljarane er eigd av Vestlandsforskning, men SNO har utført det praktiske arbeidet med oppsetting og tilsyn, og tala er tilgjengeleg for nasjonalparkstyret.

Ferdselsteljarane som SNO nyttar har pyro-sensorar, det vil seie at dei registrerer varmen på personen eller dyret som passer attmed sensoren. Sensoren blir montert så høgt oppe at den ikkje skal telje sauar eller hundar. Teknologien gjer det mogleg å logge røslе begge retningar med ein nøyaktigheit ned på time-nivå. Som i liknande teknologi vil det førekomme feilregistreringar. Viss to personar går tett attmed kvarandre kan dei teljast som ein person. Sensorane er difor freista oppsett på ein smal stad på stien. Sjå vedlegga for meir informasjon for kvar teljar.



SNO fekk hjelp av nokre blide franske turistar til å bere inn utstyr for å montere teljar i Brikisdalen



Dataeininga frå teljaren ved Melkevoll Bretu i Oldedalen måtte gravast fram frå elvemassene

Her er informasjon og nokre funn frå kvar teljar:

#### SUNNDALEN

Det stod ein teljar på same stad i fjor, men då var det ikkje mogleg å få ut dataene. I år lykkast vi. Teljaren stod plassert like innanfor ytste brua ved garden Sunndal. Det har vore ein del trafikk i området i samband med arbeidet med buferdsvegen i området. Tala viste ei feilregistrering på over 2000 ein dag, og den er sletta. Elles så er det nokre dagar med overraskande høge tal:

- Torsdag 21. juni er det registrert 278 passeringar inn

- Torsdag 19. juli er det registrert 226 passeringar inn og 143 passeringar ut
- Fredag 29. juni er det registrert 147 passeringar fordelt på like mange inn og ut
- Torsdag 11. september er det registrert 117 passeringar omtrent likt fordelt på inn og ut

Dei høge tala kan skuldast arbeid i området med samling av sau og anna.

#### OLDESKARSTIEN VED MELKEVOLL

Teljaren var plassert langs stien frå Melkevoll Bretun i retning Gløvre og Oldeskaret. Teljaren stod berre nokre hundre meter frå stistart. Her må ein rekne med at dei fleste har gått fram og tilbake på stien her, men det er nok også ein del som går over eller kjem frå Jølstra-sida. Søndag 14. oktober flaumde elva frå Melkevolls-breen over og tok med seg stein og grus og gravla dataeininga av teljaren. Men teljaren fungerte likevel!

Dei tre dagane med flest passeringar begge vegar var:

- Fredag 13. juli: 219
- Søndag 12. august: 118
- Onsdag 25. juli: 118

På desse dagane var inn- og utpasseringar omtrent like mange.

#### HAUGASTØYLEN

Sensoren på teljaren var plassert i eit tre attmed stien mellom parkeringsplassen og støylen i Haugadalen. Det er nokre dagar med høgare passeringar enn andre. Tala nedunder viser desse dagane med registrerte passeringar begge vegar:

- Torsdag 14. juni: 148
- Søndag 15. juli: 157
- Torsdag 26. juli: 177
- Torsdag 9. august: 165
- Måndag 27. august og tysdag 28. august, høvesvis 141 og 133 passeringar

Dei to siste dagane i august samsvarer med det tidsrommet då to folkehøgskular hadde teltleir i området.

#### BØYABREEN

Teljaren stod festa på den vesle brua innanfor Brævasshytta, mot breen. Dei aller fleste går fram og tilbake over brua ettersom det ikkje er nokon annan sti. Nokre få turistar går tilbake langs vatnet og opp langs elva og kjem då ikkje over brua. Gjennom sommaren såg vi at tal passeringar var ein god del høgare på veg inn i forhold til på veg ut. SNO brukte difor litt tid på å telje passeringar manuelt og samanlikna det med teljaren. Det viste seg at på veg inn vart nokon registrert to gongar fordi dei går veldig sakte opp på brua. Medan nokre få ikkje var registrert på veg tilbake fordi dei gjekk parallelt. Totalt tal passeringar delt på to vil gje eit meir korrekt tal for kor mange som har blitt registrert. Litt overraskande er søndagen den travlaste dagen. For mange i reiselivet er dette den rolegaste dagen fordi mange er på veg til eller frå ferie.

I 20 dagar i sommar har det vore registrert meir enn 1000 passeringar (ein veg) inn mot Bøaybreen. Dei to dagane med flest besøk i sommar var i følgje registreringane:

- Tysdag 7. august: 1411 passeringar ein veg
- Torsdag 19. juli: 1278 passeringar ein veg

I den registrerte perioden i sommar er det berre fem dagar med under 100 besøkande (registrerte passeringar ein veg).



Dei asiatiske turistane er fascinert av det reine vatnet og ikkje oppteken av SNO si manuelle kontrollteljing



Tejlarar bør i hovudsak vere så godt skjult at dei ikkje visast - slik som her ved Supphellebreen

#### SUPHELLEBREEN

Frå parkeringsplassen og fram mot utsiktspunktet mot breen er det berre nokre 10-tals meter. Teljaren var plassert før det partiet på stien som vert veldig vått ved mykje bresmelting. Det er difor litt overraskande at det er høgare tal ut enn inn mot utsiktspunktet. I den registrerte perioden er det over 30 dagar med fleire enn 100 passeringar ein veg.

Dei fire dagane med flest registrerte passeringar begge vegar, og der inn- og ut tal er omtrent like er:

- Søndag 22. juli: 422 passeringar begge vegar
- Laurdag 14. juli: 350 passeringar begge vegar
- Torsdag 19. juli: 337 passeringar begge vegar
- Laurdag 21. juli: 336 passeringar begge vegar

#### BRIKSDALS BREEN

Vestlandsforskning gjennomfører eit prosjekt for Stryn kommune der ferdselsdata inngår. SNO har bidrege med oppsetting og tilsyn av denne teljaren som stod under dei to store steinane rett før brevatnet og utsiktspunktet mot breen. Grunna anna type teljar og feil innstilling, så er ikkje dataene samanhengane og dei skil heller ikkje på inn- og ut-passeringar. Det er registrerte teljingar i periodane 29.juni til og med 5. juli og i perioden frå 11. august til og med 25.september. I desse 53 dagane så var det over 500 passeringar (ein veg) i 25 dagar. Dei mest besøkte dagane i den talte perioden var:

- Tysdag 21. august: 1690 passeringar ein veg



- Tysdag 14. august: 1537 passeringar ein veg
- Onsdag 15. august: 1210 passeringar ein veg

I den registrerte perioden var det berre tre dagar som hadde under 100 besøkande (passeringar ein veg).

Plassering	Tidsperiode	Begge retningar	Inn i nasjonalparken	Ut av nasjonalparken	Gjennomsnitt pr. dag, ein veg
Sunndalen	26.mai-7.okt.	4 530	2 648	1 882	
Oldeskar-stien	9.mai-29.okt	4 661	2 426	2 235	
Haugastøylen	29.mai-27.sept.	6 303	3 426	2 877	
Bøyabreen	16.mai-1.okt.	162 462	87 810	74 652	
Supphellebreen	10.mai-10.okt.	23 298	10 996	12 302	
Briksdalsbreen	29.juni- 5.juli og 11.august - 25.sept.	57 051			538

Plassering	Tidsperiode	Begge retningar	Inn i nasjonalparken	Ut av nasjonalparken	Gjennomsnitt pr. dag ein veg
Sunndalen	20.juni-20.aug.	2 921	1 732	1 189	23*
Oldeskar-stien	20.juni-20.aug.	3 315	1 699	1 616	27
Haugastøylen	20.juni-20.aug.	4 307	2 298	2 009	35
Bøyabreen	20.juni-20.aug.	107 006	57 737	49 269	863
Supphellebreen	20.juni-20.aug.	15 042	7 141	7 901	121

\*Teljaren har truleg registrert sau/henting av sau og passeringar i samband med arbeid på buferdsvegen.

### 2.2.1 Utviklingstrekk og tilrådd oppfølging

Tass noko feilregistreringar så er teljardataene truleg av dei beste metodane å få ein god oversikt over tal personar som vitjar ein bestemt del av nasjonalparken. Det er mykje som tyder på at fleire besøkere dei stadene der stiane har blitt vesentleg restaurert. Tal før og etter omfattande restaurering og eventuelt også før og etter skilting vil gje informasjon om kor mykje slike endringar har å seie for tal besøkande. Andre måtar å få tak i informasjon om tal besøkande i ulike delar av nasjonalparken kan vere frå vegselskapa der det blir løyst bombillettar.



## 2.3 Stiar, slitasje og vedlikehald

### 2.3.1 Aktivitet og utfordringar

Stien opp mot Kvitevardane i Bøyadalen vart i år rydda av folk frå Fjærland, med økonomisk bidrag frå nasjonalparkstyret, og det arbeidast med å finne ein ny start på stien for å unngå at ein parkerer i vegen attmed Bøyafjellstølen. SNO har enno ikkje synfart området i år.

Frå utsiktspunktet mot Bøyabreen, innafor Brævasshytta, går det av ein sti opp til Almerinden. Det er Fjærland Idrettslag som held denne vedlike. Dei har munnleg blitt oppfordra til å finne ein annan stistart for å unngå at turistar leiast opp i terrenget og kanskje fram mot og inn under breen. Ein stistart ved toalettbygget er aktuelt.




Døme på doble stiar som slit på morenelandskapet



Kavlelegginga i Bergsetdalen kan med fordel forlengast



Vanskeleg å kome tørrskodd fram til utsiktspunktet ved Supphellebreen i sommar



Dugnad på rydding av starten på stien til Flatbrehytta

SNO deltok med tre personar på felles dugnad på nedre del av stien mot Flatbrehytta. Det er trong for å få til eit betre og varig system for vedlikehald av både denne og mange andre stiar inn og inne i nasjonalparken. På nokre oppsynsturar tek SNO med krafse og greinsaks for å kunne opne opp stien og leia vatn. I år vart det

gjort noko vår-arbeid på stien inn mot Bødalseter. Det er for mange stiar til at SNO kan ta på seg vedlikehald av alle.

Nasjonalparkstyret og SNO har i mange år brukt tid og løyvd midlar til restaurering og utbetring av mange stiar og sti-trasear i og ved nasjonalparken. For nokre av desse er det avtalt kven som har teke over stien og kven som har ansvaret for det årlege vedlikehaldet. Andre stader er ansvaret delt ved at nasjonalparkstyret har ansvaret for utbetring av skader som fører til at ein treng fagpersonar til å utføre dette. Det gjeld t.d. øydelagd steinsetting og vaiarar. SNO freistar å synfare kvar av desse stiane kvart år og gir tilbakemelding om det er trong for utbetringar.

I fleire dalføre delar stien seg i to eller fleire stitrasear. Det fører til større slitasje, forvirring for turgåaren og fleire stader å halde vedlike. Dette gjeld m.a. delar av stien til Austerdalsbreen, stien inn Langedalen og stien opp til Fåbergstølsbreen, opp mot Haugabreen og inn frå Fosdalssetra. Den gamle kavlelegginga inn mot Bergsetbreen, som var eit samarbeid mellom forvaltningsstyresmakta og Luster kommune, fungerer godt nokre stader, medan det andre stader bør forlengast og rettast opp. Ferdiglagde lenger kan kanskje køyrast ut på snøføre.

Andre stader går ein stitrasè over sårbare morenelandskap. Dette gjeld m.a. i Austerdalen, mot Haugabreen og inn mot Bergsetdalen. Andre sårbare område som truleg vil få mykje meir besøk næraste åra er brelandskapet framføre Tuftebreen og på sørsida av Brikdalselva der det no etablerast ein gangveg rett utan for nasjonalparkgrensa. I dalføra og i områda kring Tungestølen må ein forvente meir besøk og større belastning når den nye hytta er på plass. Spesielt gjeld dette myrområde nedunder Tungestølen i retning Nyestølen og Langedalen.

Mykje bresmelting i sommar og så mykje regn i haust som toppa seg med flaumen 14. oktober har ført til skader på fleire stiar. Så langt ein har oversikt så har det gått verst ut over stien inn til Bødalseter. Andre stader som ein veit om der det gjort skader på stiar er ved utsiktspunktet nedunder Supphellebreen og nokre skader på den nylaga kuråsa i Erdalen. Det vil heilt sikkert kome fram fleire større og mindre skader til sommaren.



Bødalselva 27. august, og det var før storflaumen



### 2.3.2 Tilrådede oppfølgingspunkt

- Det er trong for å avklare og avtale kven som har ansvar for vedlikehald av mange av stiane i nasjonalparken. SNO kan bistå med kompetanse og praktisk arbeid i felt
- Det bør vurderast å sette opp enkle gjerde ved nokre slitte moreneryggar og eventuelt sette i gang restaurering/revegetering
- Der ein sti delar seg i fleire trasear bør det vurderast å rydde/merke ein trase og ev. stenge ein annan med kvist og stein
- Det er trong for 1-2 dagsverk med steinarbeid i nedre del av stien opp Lundeskaret
- Det bør etablerast eit felles turutgangspunkt ved toalettbygget før Brævasshytta for både stien til Almerinden og Kvitevardane
- Første del av stien inn frå parkeringsplassen på Bergset bør ha årleg vedlikehald: slått med ryddesag
- Kavlelegginga i Bergsetdalen bør forlengast og utbetrast
- Oppfølging av utbetningsarbeidet som blir utført på den flaumskadde stien inn til Bødalseter
- Lage til betre og tørrare tilkomst til utsiktspunktet ved Supphellebreen

## 2.4 Utbetring av buferdsveg i Sunndalen

### 2.4.1 Aktivitet og utfordringar

Sommaren 2018 vart det sett i gang eit større arbeid for å betre tilkomsten for kyr inn i Sunndalen. Alle midla er løyvd frå nasjonalparkstyre. Det er i dag både ein sti og ein buferdsveg (kurås) inn til Sunndalsetra. Etersom kyrne har blitt større så slit dei med å passere dei brattare partia på kuråsa. Arbeidet har vore utført av Utmarksressurs AS og SNO har delteke med mange dagsverk i arbeidet. I samråd med grunneigarane valde ein å legge starten på råsa i spora etter ein tidlegare buferdsveg. I 2018 er det bygd og utbetra kring ein halv kilometer med kurås og heile strekninga ligg utanfor nasjonalparken.



Nasjonalparkstyret på om den nye buferdsvegen i Sunndalen: dei er fornøgd med det dei ser

## 2.4.2 Tilrådd oppfølging

Arbeidet med utbetring av buferdsvegen bør halde fram. Informasjon om vidare tiltak og kostnader ligg i ferdig utført dokument, og erfaringstal frå i år kan leggast inn for å justere tala. Eigarskap på ferdig utbetra buferdsveg må avklarast.

## 2.5 Andre tiltak

### 2.5.1 Aktivitet og utfordringar

I 2014 vart det funne framsmelta reinsdyrgevir i nasjonalparken, og desse vart aldersdatert. Det eldste geviret var over 2100 år gammalt. I lag med breforskar har vi oversikt over dei områda det kan vere størst sjanse om å finne framsmelta gevir - eller anna materiale som ikkje er knust av brerørsle. Viss funna gjeld spor etter menneskeleg aktivitet eller påverknad, så sorterer dette under kulturminne og fylkeskommunen. SNO har eit samarbeid med dei og skriv eige årsrapport til fylkeskommunen. I 2018 har det ikkje vore utført systematisk søk i nye område, og det er difor heller ikkje funne korkje interessante naturfaglege eller kulturhistoriske spor. Det vart gjort eit forsøk på å hente ned eit reinsgevir som ein kjenner lokaliseringa av mellom Oldedalen og Lodalen. Grunna eit mindre uhell så kom ein ikkje fram til staden.

Mange stader i nasjonalparken med utsiktspunkt opp mot breen og langs mange stiar, så er det ein stadig høgare vegetasjon. Mindre tre og busk veks opp og skuggar for utsyn og tilkomst på stiane. SNO opplevde i år ein turist som ikkje fann "utgangen" frå brevatnet nedunder Briksdalsbreen. Utsiktspunktet ved Supphellebreen er ein annan stad det er trong for å opne opp for betre utsyn mot breen. Samstundes kan ein unngå at folk går inn i skogen og forsøplar. Ved Bøyabreen vart det for ein del år sidan hogge tre og busk rett utanfor nasjonalparkgrensa, som så vart stubbebehandla for å unngå oppskot. Dette ser ein framleis gode resultat av.

I kulturlandskapet ved Sunndalseter har nasjonalparkstyre tidlegare bidrege med økonomisk stønad til rydding av beite. Her er no ope, men det veks att med tistel.

Nedunder Bøyabreen og heilt fram rundt brevatnet veks det enkelte grantre. Eit overordane estimat er på minimum 20 tre. Nokre av granene er så store at dei snart sett kongler og då lett kan spreie seg i området.

### 2.5.2 Tilrådd oppfølging

Ein bør halde fram med fonnfunn-leit, både reinsdyrgevir og anna biologisk materiale som kan seie noko om brehistoria og kvar reinen som heldt til i området kom frå. Framsmelta kulturminne er sjølvstøtt og interessant, og det blir gjort i dialog med kulturminnestyresmaktene.

Arbeidet med fonn-funn har gjerne eit lite tidsvindaug ettersom ein bør vente til seint på sommaren for å vere sikker på at snøen har smelta og det er smelting av

brear og fonner i fjellet - men før det kjem nysnø. Mange av dei områda som er omtalt som aktuelle leiteområde ligg vanskeleg til. Det bør vurderast å nytte helikoptertransport opp for å effektivisere arbeidet. Bruk av helikopter kan kombinerast med t.d. uthenting av søppel i nasjonalparken.

Det bør vurderast kvar det skal utførast utsiktsrydding i og ved nasjonalparken og kven som har ansvaret for dette. Det bør brukast fliskuttar for å få vekk kvist og greiner.

Ein fleirårig plan for tiltak i kulturlandskapet ved Sunndalen kan seie noko om kva tiltak som bør gjerast for ta vare på landskapet. Fjerning er tistel er eit strakstiltak som kan starte til sommaren.


Mange av grantrea nedunder Bøyabreen står vanskeleg til i snøskredutsett terreng og i tett lauvskog. Ettersom dei står langt frå sti og ferdsel, så kan dei ringbarkast for å hindre vidare vekst og spreining.

### 3. Vedlegg

Grunna sjukemelding føreligg ikkje noko eige bestillingsskjema for SNO-sine ressursar for 2018.

Vedlagt er informasjon frå fem ferdselsteljarar (side 24-37).





Intet bilde tilgjengelig.


## Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 4,530
- Daglig gjennomsnitt:34  
Ukedager:36 / Helgedager:27
- Månedlig gjennomsnitt: 1,021
- Travleste Dag i Uken:Torsdag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
  1. Torsdag 19 Juli 2018 (369)
  2. Onsdag 18 Juli 2018 (334)
  3. Torsdag 21 Juni 2018 (279)


- Fordeling etter Retning:

■ IN:58%


■ OUT:42%




## Ukentlig Trafikk




## Uke Profil




## Time Profil gjennom Ukedagene



## Time Profil gjennom Helgen






## Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 1,397
- Daglig gjennomsnitt:23  
Ukedager:21 / Helgedager:28
- Travleste Dag i Uken:Søndag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
  1. Fredag 06 Juli 2018 (96)
  2. Søndag 08 Juli 2018 (62)
  3. Lørdag 30 Juni 2018 (62)
- Fordeling etter Retning:

■ IN:53%


■ OUT:47%




# Oldeskaretstien del 1

Periode Analysert: Onsdag 09 Mai 2018 til Søndag 08 Juli 2018


## Daglige Data




## Uke Profil




## Time Profil gjennom Ukedagene



## Time Profil gjennom Helgen








## Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 3,264
- Daglig gjennomsnitt:29  
Ukedager:28 / Helgedager:31
- Månedlig gjennomsnitt: 879
- Travleste Dag i Uken:Søndag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
  1. Fredag 13 Juli 2018 (219)
  2. Onsdag 25 Juli 2018 (118)
  3. Søndag 12 August 2018 (118)


- Fordeling etter Retning:

■ IN:52%


■ OUT:48%




## Ukentlig Trafikk




## Uke Profil




## Time Profil gjennom Ukedagene



## Time Profil gjennom Helgen





Intet bilde tilgjengelig.  
Du kan legge til et bilde  
i tellerens Eco-Visio fil.


## Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 6,303
- Daglig gjennomsnitt:52  
Ukedager:51 / Helgedager:53
- Månedlig gjennomsnitt: 1,573
- Travleste Dag i Uken:Torsdag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
  1. Torsdag 26 Juli 2018 (177)
  2. Torsdag 09 August 2018 (165)
  3. Søndag 15 Juli 2018 (157)

- Fordeling etter Retning:

■ IN:54%


■ OUT:46%




## Ukentlig Trafikk




## Uke Profil




## Time Profil gjennom Ukedagene



## Time Profil gjennom Helgen







Intet bilde tilgjengelig.  
Du kan legge til et bilde  
i tellerens Eco-Visio fil.


## Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 162,462
- Daglig gjennomsnitt: 1,169  
Ukedager: 1,168 / Helgedager: 1,172
- Månedlig gjennomsnitt: 35,575
- Travleste Dag i Uken: Søndag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
  1. Tirsdag 07 August 2018 (2,822)
  2. Torsdag 19 Juli 2018 (2,556)
  3. Torsdag 02 August 2018 (2,387)


- Fordeling etter Retning:

■ IN: 54%


■ OUT: 46%




## Ukentlig Trafikk




## Uke Profil




## Time Profil gjennom Ukedagene



## Time Profil gjennom Helgen






## Nøkkeltall


- Total Trafikk for Analyserte Periode: 9,259
- Daglig gjennomsnitt:154  
Ukedager:140 / Helgedager:188
- Travleste Dag i Uken:Søndag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
  1. Søndag 01 Juli 2018 (446)
  2. Tirsdag 03 Juli 2018 (356)
  3. Fredag 06 Juli 2018 (297)
- Fordeling etter Retning:

■ IN:49%


■ OUT:51%




### Daglige Data




### Uke Profil




### Time Profil gjennom Ukedagene



### Time Profil gjennom Helgen







Intet bilde tilgjengelig.  
Du kan legge til et bilde  
i tellerens Eco-Visio fil.


## Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 14,039
- Daglig gjennomsnitt: 149  
Ukedager: 145 / Helgedager: 160
- Månedlig gjennomsnitt: 4,546
- Travleste Dag i Uken: Søndag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
  1. Søndag 22 Juli 2018 (422)
  2. Lørdag 14 Juli 2018 (350)
  3. Torsdag 19 Juli 2018 (337)


- Fordeling etter Retning:

■ IN: 46%


■ OUT: 54%




### Ukentlig Trafikk




### Uke Profil



### Time Profil gjennom Ukedagene



### Time Profil gjennom Helgen



08.11.2018

### Statens naturoppsyn

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01

E-post: [post@naturoppsyn.no](mailto:post@naturoppsyn.no) | Nett: naturoppsyn.no

Post: Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim

Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet. Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratets feltpersonell.

SNO varetek nasjonale miljøverdiar og førebygger miljøkriminalitet. Oppgåver spenner frå kontroll og overvaking, til skjøtsel i verneområde, tilrettelegging i viktige natur- og kulturminne-område, informasjon og formidling.

SNO har òg mange oppgåver knytt til store rovdyr, både registrering av bestander, dokumentasjon av skader på husdyr og tamrein, og uttak av dyr det er gitt fellingsløyve på. Leiinga i SNO sitt i Trondheim, og vi har kring 60 lokalkontor spreidd over heile landet.